



Fylkesmannen i Hordaland  
Kommunal- og samfunnsplanavd.  
Postboks 7310  
5020 BERGEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 17/683 - 17/6087

Saksbehandlar:

Lillian Straumøy Brakstad

[lillian.s.brakstad@meland.kommune.no](mailto:lillian.s.brakstad@meland.kommune.no)

Dato:

27.03.2017

## Høyring - søknad om dispensasjon frå reguleringsføresegner Mongsedalen/Mjukebakkane for riving av bustad på gbnr 9/29, Hjertås.

### Saka gjeld :

Det vert vist til søknad frå tiltakshavar Marius Øvretveit og Guro Hopland Van Der Kooij v/ansvarleg søkjar NHB Vest AS om dispensasjon frå reguleringsføresegnene § 7.2 for Mongsedalen/Mjukebakkane, jf plan- og bygningslova § 12-7 , for riving av bustad på gbnr 9/29 på Hjertås.

### Planstatus:

Gbnr 9/29 er i reguleringplan for Mongsedalen/Mjukebakkane – planid 125620010502 – regulert til bustad. Eigedomen er bebygd.

### Søknad om dispensasjon:

Det er i skriv frå NHB Vest AS søkt om dispensasjon frå reguleringsføresegnene § 7.2 for riving av bustaden på eigedomen, sjå vedlegg. For grunngjeving av søknaden vert det vist til denne i sin heilheit. Vedlagt søknaden ligg bilete som viser steingard på eigedomen. Ansvarleg søkjar har i dag stadfesta at dispensasjonssøknaden gjeld berre bustad og ikkje steingard, jf. reg.føresegnene § 2.3.

### Kommuneplan og lovgrunnlag:

Kommuneplanen sin arealdel er styrande for arealbruken og søknaden vert først vurdert i høve til den. I LNF-sona i kommuneplanen skal det til vanleg ikkje gjevast løyve til tiltak som krev byggeløyve eller andre varige konstruksjonar.

### Dispensasjon etter pbl kap. 1 og § 19-2 :

Søknaden skal vurderast opp mot omsynet bak regelen det vert søkt dispensasjon frå.

I § 1-1 i plan- o g bygningslova heiter det m.a.: Lova skal fremja berekraftig utvikling til det beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjonar.

Dispensasjon kan ikkje gjevast dersom omsyna bak regelen det vert dispensert frå, eller omsyna i lova sine formål, vert sett vesentleg til side. I tillegg må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene etter ei samla vurdering. Ved dispensasjon frå lova skal det leggjast særleg vekt på konsekvensar for helse, miljø, sikkerheit og tilgjenge. Det skal også leggjast særleg vekt på statlege og regionale mål.

Kommunen bør ikkje gje løyve til dispensasjon dersom statlege eller regionale mynde har uttalt seg negativt om dispensasjonssøknaden.

---

#### Postadresse

[postmottak@meland.kommune.no](mailto:postmottak@meland.kommune.no)

Postboks 79, 5906 Frekhaug

Besøksadr: Havnevegen 41 A

5918 Frekhaug

#### Kontakt

[www.meland.kommune.no](http://www.meland.kommune.no)

Telefon +47 56 17 10 00

Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722

Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

Førebels vurdering, vidare saksgang, høyring:

Tiltaket er tilstrekkeleg gjort greie for til at dispensasjonsspørsmålet kan vurderast.

Etter gjeldande sakshandsamingsreglar vert søknaden om dispensasjon sendt regionale styresmakter ved Fylkesmannen i Hordaland – Kommunal-og samfunnsplanavd., Hordaland Fylkeskommune – Regionalavdelinga og Meland kommune – tenesteområde kultur, før det vert gjort vedtak i saka.

Frist:

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Lillian Straumøy Brakstad  
konsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Søknad om dispensasjon GBNR 9/29

Kart

Fullmakt

Foto

9-29 1\_1000

9-29 1\_3000

**Kopi til:**

NHB Vest As

Hagellia 6

5914

ISDALSTØ

**Mottakere:**

Fylkesmannen i Hordaland

Kommunal- og  
samfunnsplanavd.

5020

BERGEN

Hordaland Fylkeskommune  
Tenesteområde Kultur

Regionalavd.

5020

BERGEN